



Agnes Hoshovde Bernes  
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/598 - 14/10430

Saksbehandlar:  
Katarina Birkeland  
katarina.birkeland@radoy.kommune.no

Dato:  
24.09.2014

## Referat frå møte 8.september 2014

**Møtedato:** 8.september 2014

**Møtetid:**

Kl. 15:00 – 17.00

| <b>Desse møtte:</b> | <b>Klasse</b> | <b>Desse møtte:</b>       | <b>Klasse</b> |
|---------------------|---------------|---------------------------|---------------|
| Alexander Ohnstad   | 9 a           | Ida Thomassen             | 1 VGS         |
| Anita Lunde         | 9 b           | Øyvind Askeland           | 1 VGS         |
| Mette Grindheim     | 9 c           | Ingvild Brattetaule       | 2 VGS         |
| Søgni Sekkingstad   | 10 a          | Sandra Morken Reigstad    | 3 VGS         |
| Mariell Elvik       | 10 b          | Agnes Hoshovde Bernes     | HØGS          |
| Maja Hermansen      | 10 c          | Thomas Frotjold Valdernes |               |

| <b>Forfall:</b> | <b>Klasse</b> | <b>Varamedlemer som møtte:</b> | <b>Klasse</b> |
|-----------------|---------------|--------------------------------|---------------|
|                 |               | Ingmar Hoen Tjore              | 9             |
|                 |               | Brede Olsvoll Danielsen        | 10            |

Det møtte såleis 12 representantar og 2 vararepresentantar, ialt **14**.

|                       |   |
|-----------------------|---|
| <b>Møteleiar:</b>     | Leiar Thomas Frotjold Valdernes                                     |
| <b>Frå adm. møte:</b> | Ungdomskoordinator Katarina Birkeland, Kulturkonsulent Bente Hervik |

### Sakliste

19/14: Godkjenning av innkallinga og informasjon

20/14: Arbeidsfordeling

-Media

-Kommunestyreoversikt

-Postkasse

21/14: Vaskehuset i

Klesvika av Bente Kopperdal Hervik, kulturkonsulent

22/14: Presentasjon om Frisbee golf av Øyvind Askeland

23/14: Nettverkssamling 25 og 26 oktober

24/14: Sjørøverdag for dei yngste

25/14: Ymse

### **19/14: Godkjenning av innkallinga og informasjon**

Innkallinga vart godkjent. Leiar Thomas Frotjold Valdernes fortalte representantane + 2 vara Informasjon om det nye året og forventingar til ungdomsrådet 2014/2015.

Større forventingar til møta og at representantane skal være meir engasjerte og arbeidsoppgåvar fordeles mellom representantane.

### **20/14: Arbeidsfordeling**

Media: Ynskjer to-tre personar som skal være medieansvarleg for ungdomsrådet. Dei skal publisere på facebook før og etter møta og skrive avisinnlegg til aviser.

Ida, Agnes og Ingvild vert mediaansvarlege.

Kommunestyreoversikt: Alle representantar skal delta på minst eit kommunestyremøte. Det vert satt opp ein oversikt over når alle skal delta. Thomas lagar ei liste til neste møte, der alle må skrive seg opp når dei kan delta. Alle har ansvar for å følge den opp, visst ein ikkje kan møte må ein bytte innbyrdes.

Postkasse: Det er kjøpt inn ein postkasse som skal henges opp på ungdomskulen. Her kan elevar ligge i sakar og spørsmål til ungdomsrådet. Målet med postkassa er å få fleire sakar inn og at flerie skal føle seg høyrte at representantane.

Ungdomsrådet ynskjer at nokon av elevane skal få pynte postkassen og gje den eit ungdomspreg. Representantane kom med forslag om namn som: Annika Tømmerbakke, Simeon Dencker, Eirik Ståløy og Margareth Stang.

Thomas har i ansvar å spørje skulen om å få henge opp postkassen. Alexander og Maja har ansvaret for postkassen, informere i klassane om den og ta med seg lappene til kvart møte.

### **21/14: Vaskehuset i**

### **Klesvika av Bente Kopperdal Hervik, kulturkonsulent**

Kulturkonsulent Bente Hervik holdt ein presentasjon om oppreising av eit naust i Klesvika/ ved Nesvatnet. Ungdomskoordinatoren og kulturkonsulenten samarbeider om prosjektet. Huset skal brukes av ungdomsklubben til lagar til utstyr til vannaktivitet.

Kommunen og ungdomsklubben har lagd ein leigeavtale på huset på ein periode over 10 år.

Ved å få opp huset kan me få fleire barn og unge i aktivitet, og ungdomsklubben kan ha større fokus på friluftsliv og vannaktivitet. Prosjektet er i gang og det er sendt fleire søknader om økonomisk støtte.

### **22/14: Presentasjon om Frisbee golf av Øyvind Askeland**

Øyvind holdt ein presentasjon om frisbee golf. Ungdomsrådet ynskjer å få opp ei eller fleire frisbee golfbaner på Radøy. Øyvind fortalte om korleis frisbee golf fungerer, reglar, utstyret og om korleis bana vert laga. Øyvind sjekker opp i bruk av banar og prøver og få tak i ei bana som kan brukes.

### **23/14: Nettverkssamling 25 og 26 oktober**

Agnes som også er leiar i Ungdomens fylkesting fortalte om nettverksamlinga som skal være i Bergen 25-26 oktober. Tema på samlinga er kva politik vil ungdommen ha i fylket, skyss, nettverksbygging i ungdomsråd og kva dei enkelte råda gjer. Samlinga har fokus på VGS.

Ungdomsrådet ynskja å sende ein frå VGS og ein frå ungdomsskulen.

Thomas og Agnes sitt i UFU, og deltar på samlinga. Ungdomsrådet kan sende 2 representantar til. Sandra, Ida og Anita melder seg til å delta. Ungdomsrådet bestemmer seg for å sende dei to yngste representantane siden Thomas og Agnes alereie representerer dei eldste.

Anita ( 9.kl) og Ida ( 1.VGS) deltar på samlinga 25 og 26 oktober. Kontaktpersonen Katarina melder dei på.

### **24/14: Sjørøverdag for dei yngste**

Ungdomsrådet har fått spørsmål om å arrangere ei sjørøverfest for barn søndag 28.september i kommunestyresalen. Filmen Kaptein Sabeltann og skatten i Lama Rama har premiere og bygdekinoen viser to filmar i kinosalen kl. 16.00 og kl. 18.00.

Ungdomsrådet arrangerar ein sjørøverfest saman med ungdomskoordinatoren med skatejakt, utkledding og anna leik og moro kl. 15.00 i kommunestyresalen. Anita, Mette, Sandra, Mariell og Thomas deltar frå ungdomsrådet.

### **25/14: Ymse**

Ungdomsrådet fekk besøk frå Morgan Taule frå arbeiderpariet. Han ynskja ein samtale med ungdomsrådet og kva ungdomen på Radøy treng og kva som er viktig for dei unge i lokalmiljøet.

Tema som var tatt opp var:

Eit betre busstilbod. Det går alt for få bussar på Radøy, spesielt til Sletta, Bøvågen og Lifjellet. Om kveldene/ helgene stoppar bussene å gå alt for tidlig.

Fritidstilbod. Representerantane er fornøyd med tilbodet på Radøy. Ungdomsklubben fungerer som eit godt tilbod som fanger opp mange. Det burde vert eit betre busstilbod etter klubben, det er bare dei til Austmarka/ Sæbø som har tilbodet om buss heim etter klubben.

Savn etter fleire tilbod for guttar. Det er mange tilbod for jenter som guttane ikkje har, som handball, volleyball, cheerleding.

Mobbing i barneskulen: representantane ynskjer eit større fokus på mobbing spesielt i barneskulen. Det er heilt feil at det er den som vert mobba som må flytte, og ikkje mobbarane. Ungdomsrådet ynskjer ein holdningskampanje mot mobbing.

Med helsing

Katarina Birkeland  
ungdomskoordinator

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

|                            |                       |      |           |
|----------------------------|-----------------------|------|-----------|
| Agnes Hoshovde Bernes      |                       | 5938 | SÆBØVÅGEN |
| Ida Amalie Sæbø Thomassen  | Kvernhusvegen 4       | 5936 | MANGER    |
| Ingvild Brattetaule        | Bøtjørnvegen 60       | 5937 | BØVÅGEN   |
| Maja Hermansen             | Toskavegen 3          | 5936 | MANGER    |
| Mariell Elvik              | Slettevegen 82        | 5936 | MANGER    |
| Mette Grindheim            | Langhøyane 10         | 5936 | MANGER    |
| Sandra Morken Reigstad     | Rehøyen 11            | 5936 | MANGER    |
| Søgni Sekkingstad          | Kvernhusvegen 14      | 5936 | MANGER    |
| Thomas Frotjold Valdersnes | Slettevegen 143       | 5936 | MANGER    |
| Øyvind Askeland            | Askelandsvegen<br>120 | 5938 | SÆBØVÅGEN |
| Anita Lunde                | Lunde                 | 5938 | SÆBØVÅGEN |
| Alexander Ohnstad          |                       | 5936 | MANGER    |